

## PROTOKOLL FRÅ IDRETTSKRETSSTYREMØTE 06/24

Styremøtet 06/24 blei gjennomført tirsdag 21. August på Teams. Møtet starta kl 20:00 og vart avslutta kl 22:00

Namn	Tilstades	Forfall	Merknad
Nils R. Sandal, styreleiar	x		
Tone Stavland, nestleiar	x		
Jan-Erik Weinbach, styremedlem	x		
Anne-Grethe Naustdal, styremedlem	x		
Jeanette Heggen, styremedlem	x		
Heidi Hatlen, styremedlem	x		
Magnus H. Hartwig, styremedlem	x		
Natalia Golis, varamedlem		x	
Lasse Lerum, varamedlem		x	
Narve Heggheim, rådgivar anlegg	x		Med frå 20:30
Erling Benjaminson, økonomikonsulent	x		Med fram til 20:30
Ole Nilsen, økonomikonsulent	x		Med fram til 20:15
Randi Marie Farnes, organisasjonssjef	x		Referent

### Sakliste:

- Sak 35/24: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
- Sak 36/24: Godkjenning av protokoll frå styremøte 05/24
- Sak 37/24: Økonomi
- Sak 38/24: Tilskudd Ekstrainnsats i idretten 2024 - retningslinjer for fordeling i Vestland
- Sak 39/24 Høyringsuttale spelemiddelordninga
- Sak 40/24 Orienteringssaker, referatsaker, skriv og meldingar
- Sak 41/24: Eventuelt

### **Sak 35/24: Godkjenning av møteinnkalling og sakliste**

---

Vedtak: **Møteinnkalling og sakliste godkjent**

---

**Sak 36/24: Godkjenning av protokoll fra styremøte 05/24**

Saksunderlag: Utkast til protokoll fra styremøte 05/24

---

Vedtak: **Protokollen frå styremøte 05/24 godkjent**

---

**Sak 37/24: Økonomi**

Saksunderlag: Balanserapport – 15.08.2024  
Regnskapsprognose 30.06.24  
OLTV og TIP resultat per 30 juni

Kommentarar:

Framlegget er for første halvår då fakturaer for juli frå NIF ikkje er mottatt enda. Resultatprognosa for VIK viser eit underskot på kr 479.487 som er godt innanfor årsbudsjettet på -kr 625.500. Det er imidlertid knytta stor usikkerheit til drifta av VIK for året 2024 grunngjeve flytteprosessen, Krohnsminde prosjektet, uavklarte straumrekningar og nytilsettingar blant anna. Renteinntektene viser ei god utvikling, men må forventast å bli noko lågare andre halvår grunna lågare plassert kapital. Balansen viser ingen spesielle forhold enn det som er normalt ser ein bort ifrå resultatposten som ikkje er justert for periodisering. Renteberande kapital var pr 30. Juni ca kr 30 millionar. Resultata for avdelingane er pr 1. halvår for OLTV kr 190.911 i overskot og for TIP eit underskot på kr 38.641 begge delar innanfor budsjett.

---

Vedtak: **Styret tek balanserapport, OLTV og TIP resultat per 30 juni og rekneskapsprognose for første halvår til orientering.**

---

**Sak 38/24: Tilskot Ekstrainsats i idretten 2024 - retningslinjer for fordeling i Vestland**

Saksunderlag: Utkast til brev til idrettsråd

## Utkast til fordeling blant idrettslag i Vestland med foreslått tildelingsbeløp

### Kommentarar:

Kulturdepartementet har tildelt eit ekstratilskot på 130 millionar kroner til NIF og deira arbeid for inkludering av alle barn og ungdom (6-19 år) i idretten. Formålet med tilskotet er å gi alle barn og ungdom mellom 6 – 19 år like moglegheiter til å delta i idrett uavhengig av kvar dei bur og familien sin sosioøkonomiske ressursar.

120 millionar av tildelinga fordelast av idrettsråda i kommunane som er omfatta av ordninga, basert på antal og andel barn i familiar med vedvarande lavinntekt. Desse idrettsråda har mottatt eige brev frå NIF. 11 idrettsråd i Vestland vil samla ha kr. 9.451.975 til fordeling blant idrettslag i desse kommunane.

Dei resterande 10 millionane blir fordelt til idrettslag i dei kommunane som fell utanfor den ordinære fordelinga. Av denne potten vil idrettslag i Vestland samla motta kr. 1.206.368.

Administrasjonen har utarbeida eit forslag om korleis desse midlane kan fordelast i Vestland. Forslaget inneber å bygge vidare på den praksis som ble nytta ved fordelinga i 2023 og våren 2024. Dette var ei enkel og ubyråkratisk/ ikkje-søknadsbasert ordning som traff bredt. Vidare fortset vi med at dei idrettslag som bereknast til å motta under kr. 1000.- ikkje vil få tildelt midlar. I SSB-statistikken over andel personar med lavinntekt 0-17 år er det 4 kommunar som ikkje har registrert tal. Tal publiserast ikkje for å unngå å identifisere personar. Dette er Eidfjord, Modalen, Fedje og Masfjorden. Administrasjonen foreslår likevel at desse kommunane skal få tildelt 30 000 kroner til fordeling med utgangspunkt i medlemstal 6-19 år. Med desse justeringane vil det være 32 kommunar og 156 idrettslag som vil inngå i målgruppa for den summen idrettskretsen har til fordeling. Dette tilseier i snitt kr. 7.733.- pr. idrettslag, men varierer frå 1.089,- til 58.428,-.

Forslaget frå administrasjonen er utarbeida med grunnlag i dei same faktorane som KUD har lagt til grunn i fordeling av beløpet til dei idrettsråda som mottar eigne midlar til fordeling.

Utkast til fordeling i den enkelte kommune sendast til det enkelte idrettsråd, som får to valgmoglegheit:

1. Nytte modellen som idrettskretsen har lagt til grunn.
2. Endre modellen slik idrettsrådet måtte ønske.

Tildelinga som idrettsrådet kjem fram til må hensynta forutsetningane frå KUD. VIK vil kvalitetssikre at desse forutsetningane ivaretekast før VIK sender inn eit samla forslag til fordeling til NIF, som står for utbetaling av midlane til det enkelte idrettslag.

---

Vedtak:

**Kriteria for fordelinga er slik:  
Fordeling pr. idrettsråd/kommune er basert på SSB  
statistikken over %-andel personar med lavinntekt (0-17 år)**

**i den enkelte kommune. 4 kommunar som har 0 i SSB-statistikken får likevel 30.000,- til fordeling. Internt i kommunen er fordelinga etter medlemstal 6-19 år. Idrettslag som matematisk får under 1000,- setjast til 0,-.**

**Tildelt sum til Vestland idrettskrets –  
kr. 1.206.368 – fordelast i tråd med forslag frå administrasjonen.**

---

**Sak 39/24: Høyringsuttale spelemiddelordninga**

Saksunderlag: Høringsdokument om endringer i spillemiddelordningen for anlegg til idrett og fysisk aktivitet  
Høyringsuttale spelemiddelordninga KUD frå VIK  
Idretten er skuffet  
Best sammen-et forslag til en ny anleggspolitikk

Kommentarar:

Kulturdepartementet har sendt ut høyring på forslag til endringar i spelemiddelordninga.

I tillegg har NIF utarbeidd eit dokument der målet er at norsk idrett står samla på hovudtema som er føreslegne. I idretten er det generelt stor misnøye med mykje av det som er føreslege som mange meiner vil gje dårlegare rammevilkår enn det ein opplever i dag.

VIK har sendt ut informasjon til idrettsråda i regionen om høyringa og sette ein høyringsfrist for innspel til VIK den 1. juli. VIK har utarbeidd forslag til høyringsuttale der vi set spesielt fokus på endringar som er føreslegne samt spelar inn nye innspel som er viktige for å få betre rammevilkår for å byggje idrettsanlegg utfrå Vestland sine behov.

VIK sitt forslag til høyringsuttale vart behandla i anleggsutvalet 20.08.24. Her kom det mindre endringar og presiseringar. Blant anna at reiseavstand måtte bereknast i tid og ikkje kun kilometer. Slik det er planlagt sender Vestland idrettskrets sin uttale til NIF sentralt som utarbeidar uttale frå idretten samla.

Styret ser verdien av at idretten står samla om dei viktigaste elementa i denne høyringa. Ynskjer likevel at vi er open for å vurdere å sende eige innspel dersom NIF sitt forslag ikkje tilfredstiller idretten i Vestland sine behov.

---

Vedtak: **Styret vedtar høyringsuttalen slik den føreligger frå anleggsutvalet og denne sendast til NIF.**

---

**Sak 41/24: Orienteringssaker, referatsaker, skriv og meldinger**

- Orienteringssaker, skriv og meldinger:
  - Status flytteprosess Idrettens Hus Bergen fra Brann Stadion til Fjøsangerveien
  - Status arbeid med Krohnsminde – *hoppa over denne og tar ein lenge orientering på neste styremøte.*
  - Status tilsettingsprosess rådgivar anlegg og avdelingsleiar rekneskap
  - Styre og tilsette samling oktober
  - Referat IKSU møte 25.06.24
  - Høyringsuttale Bømoen
  - Dom frå NIFs domsutvalg i straffesak
- Deltakingar/representasjon idrettspolitiske arena
  - Ingen hoppar tandem aleine – Ekstremспортveko på Voss. 26. juni 24. Nils R. Sandal og Randi Marie B. Farnes deltok. Kulturminister tilstades.
  - NM i troppsturn i Bergen 22.06. Nils R. Sandal deltok.
  - Delegasjon frå arbeiderpartiet på besøk hos Tambarskjelvar IL, 19.08.24. Nils R. Sandal og Randi Marie B. Farnes deltek.
  - Representasjon på årsmøter i idrettsråd:
    - Fjaler 13.08.24– Nils R. Sandal deltok

Randi Marie Berntsen Farnes  
Organisasjonssjef